



Nr. 6 – AUGUST 1991 – 19. ÅRGANG

RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



Sissel Samsøe, Rogalands første kvinnelege vegarbeidar, i arbeid med å leggja belegningsstein i Karmsundgata, Haugesund. Intervju i bladet.



STATENS VEGVESEN
ROGALAND

- FOR BETRE TRANSPORT

AV INNHALDET

- Situasjonsrapport fra Rennfast
- Intervju med Jon Tveit
- Spørreundersøkelse vegvedlikehold
- Firebruersløpet/Bruamarsjen



Nr. 6 - august 1991

Redaktør
Harald Sel

I redaksjonen
Johan Lund
Eva Vivoll

Redaksjonsråd
Svein Dahle
Njål Hanasand
Irene Stangeland
Kjell Einar Tronstad
Rosalyn Wiik
Solveig Yndesdal

Sats/layout
Bodil Dam Bustad

Trykk
Allservice A/S

Forsidefoto
Harald Sel

Baksidefoto
Harald Sel

Opplag
1650 eksemplar

Vegsjefens 3 minutter...



R Y F Y L K E viser fremdeles alle klassiske tegn på en region i stagnasjon og dermed også i tilbakegang.

Folketallet går ned, alderssammensetningen er skjev med overvekt av eldre og av menn (forgubbing).

Næringslivet viser få tendenser til fornyelse og vekst, og det er få tegn til nyetableringer og vekst i regionen.

Et vanlig virkemiddel for å skape ny vekst og fornyelse i en region og for så vidt også i en landsdel, er å forbedre infrastrukturen og da særlig kommunikasjonsforholdene. På dette området har det skjedd skuffende lite i Ryfylke i løpet av de siste 20-30 årene, - i hvert fall når det gjelder eksterne forbindelser.

Samtlige Ryfylkekommuner, bortsett fra deler av Suldal og Sauda, er fremdeles avhengig av ferjer og hurtigbåter. Suldalsvegen, som er den eneste nye ferjefrie helårsforbindelsen som Ryfylke har fått de siste årene, har mer karakter av intern forbindelse for Suldal enn eksterne forbindelse for regionen. Sauda ligger isolert i en utkant av regionen og ved enden av en lang veg med middelmåtig standard. Forbindelsen østover er dårlig og åpen bare få måneder i året. Ellers er det bare ferjer og hurtigbåter.

Jeg mener at mangelen på gode og tidsmessige forbindelser ut av regionen kan være en viktig årsak til den fortsatte stagnasjonen i Ryfylke, og jeg mener at en radikal forbedring av disse forbindelser er den medisin som skal til for å gi regionen ny livskraft.

Det er derfor både forbausende og skuffende å observere at det er sterke krefter både innenfor og utenfor Ryfylke som går imot en slik fornyelse.

Jeg tror det vil være en meget alvorlig sak for Ryfylkes utvikling og Ryfylkes framtid hvis disse kreftene skulle vinne fram og greie å stoppe arbeidet med å gi Ryfylke fastlandsforbindelse.

Det er nå stiftet et interkommunalt selskap, - A/S Ryfylkevegen - som har som formål å arbeide for bedre kommunikasjoner for Ryfylke. Vi i Statens vegvesen har den samme målsetningen, og vi ser fram til et fruktbart samarbeid med dette nye selskapet til beste for den største og mest spennende region i vårt fylke.

Færre vegstasjoner - dårlegare publikumservice?

Ei gruppe som skal vurdere endringar i områdeinndelinga for vedlikeholdet i Statens vegvesen Rogaland er i arbeid, og skal leggja fram si innstilling innan 15. mars 1992.

Det sentrale spørsmålet som blir vurdert, er om talet på vegstasjonar (vedlikeholdsområde) skal reduserast. Skal f.eks. Tau vegstasjon nedleggast eller skal området til Nærbø vegstasjon delast mellom Bærheim vegstasjon og Egersund vegstasjon?

I mandatet for gruppa heiter det at eventuelle forslag til endringar i områdeinndelinga må føra til betre driftsmessig produktivitet, samtidig som tilfredstillande service overfor trafikantar og publikum skal ivaretas.

Her er me ved den sentrale problemstillinga. GOD PUBLIKUMSERVICE er eit av dei 4 hovedmåla til Statens vegvesen. Ein skal leita lenge for å finna døme på at nedlegging og sentralisering av servicekontor- og funksjonar, ikkje fører til dårlegare publikumservice.

Vil ein nå målet - GOD PUBLIKUMSERVICE - får ein ikkje dette gratis. Kanskje vil ein spare pengar ved å leggja ned vegstasjonar, men det er ikkje sikkert. Det fins nok av døme på at store einingar slett ikkje er meir rasjonelle enn dei mindre. Og sjøl om det skulle kosta meir å ha 6 vegstasjonar, som i dag, i forhold til f.eks. 4, bør dette vera ein del av den prisen me er villige til å betala for betre publikumservice.

Harald Sel


INNHALD

Vegsjefens 3 minutter	2
Færre vegstasjonar - dårlegare publikumservice?	2
Frå anleggsavdeling til byggeavdeling	3
Vegen over Tronåsen restaurert	4
PPP-90 Organisering av vegkontoret	5
Situasjonsrapport fra Rennfast	6
Vegvedlikehold og kjøreforhold vinteren 1990/91	8
Sissel Samsøe - Rogalands første kvinnelege vegarbeidar	9
Tankar om kollektivtrafikk	10
Vegen over Bokn - eit særers vellukka anlegg	11
John S. Tveit - Leiar av Stortingets samferdselskomite	12
Nytt kurs i grunnleggjande ledelse ..	14
Sykle til jobben-aksjonen 1991	15
Bruk sykkel	15
Svalestad bru restaurert	16
Takk fra Haugesund kommune	16
Takk frå Bokn kommune	16
Stor trafikk på Boknsambandet	16
Kryssord	17
Vegcupen i fotball 1991	18
Trimfest på Bokn	19
Eldre biler skal kontrolleres ved eierskifte	20
Vern og helse	21
Blomster til Audun Løken	22
Velferdstur i Haugesund	22
Personalnytt	22
Takk til Svein Dahle	23
Tillitsvalgtes spalte	23

Frå anleggsavdeling til byggeavdeling

Av byggesjef Lidvard Skorpa

Namneendringa seier ikkje mykje, for anleggsavdelinga si oppgåve har jo nettopp vore å byggje veg. Og det skal vi fortsetje med. Ikkje berre i kraft av gamal tradisjon, men fordi vi skal klare å utføre arbeidet på ein minst like god og samfunnsøkonomisk riktig måte som private entreprenørar. Dette er sjølv sagt ikkje eit nytt krav, men eit krav som det stadig vil bli fokusert meir og meir på. Omorganiseringssprosessen som vi har vore gjennom, og som vi no skal setje ut i livet, er nettopp eit uttrykk for at vi skal bli bedre i stand til å møte dei krav samfunnet vil stille til oss i framtida.



Eit tiltak er å overføre ansvaret for byggeplaner frå planavdelinga til byggeavdelinga. På den måten får ein samla ansvaret for byggeplaner og detaljprosjektering saman med ansvaret for utførelse av arbeidet. Overføringa medfører flytting av medarbeidarar frå planavdelinga til den nye byggeplanseksjonen. Vi ser med glede fram til dette og kan love at dei skal bli vel mottekne.

Nøkkelord som m.a. målstyring, evne til omstilling, konkurransevne, fleksibilitet har vore grunnleggjande for den nye organisasjonsstrukturen på byggeavdelinga. Dette har resultert i ein meir prosjekt/ oppgåveretta organisasjonsform, slik at funksjonar ikkje lenger skal vera knytta til geografiske områder, men til konkrete utbyggingsoppgåver.

Den endringa som kanskje vil få størst innverknad på arbeidssituasjonen for den enkelte på avdelinga, er prinsippet om å skilje byggherrefunksjonen frå eigenproduksjonen ("entreprenørfunksjonen"). Dette er den driftsforma som vi har på Mastrafjord II-tunnelen idag. Erfaringa så langt har vist at den nye arbeidssituasjonen som "entreprenør" er uvant og krev holdningsendringar. Det blir stilt krav til kvalitet og økonomi på ein annan måte enn i den tradisjonelle eigenregidrifta. Og vi opplever at medarbeidarar frå same avdelinga blir sitjande på "kvar si side av bordet" som byggherre/kontrollør og "entreprenør".

Mastrafjord II-arbeiderane får føle konkurransen mot private entreprenørar direkte på kroppen. Dei har i så måte den tøffaste jobben av alle i vegvesenet i Rogaland. Det er tøft å arbeide som entreprenør for eigen etat, side om side med dyktige private entreprenørar. Utan engasjement og stå-på-humør ville oppgåva vore umuleg. Dei har då også fleire gonger vist at vi kan drive like godt som tunnellaga til Rogaland Contractors. Parallell drift på fire tunnelstuffer gjer imidlertid at konkurransen kanskje i for stor grad blir fokusert på antal meter inndrift kvar veke.

Mange fryktar kanskje at den stadige fokuseringa på konkurransevne vil gå ut over arbeidsmiljøet. Det vonar eg ikkje skal bli tilfellet. Dersom vi tek nye krav som blir stilt til oss som ei utfordring, lar det gå sport i å bli endå litt bedre, vil vi også finne minst like mykje glede i arbeidet som før.

Open frå Rogaland-sida

Vegen over Tronåsen restaurert

Tekst og foto: Harald Sel

Tidleg i juli blei den gamle vegen over Tronåsen offisielt opna igjen. Rett nok er det berre lovleg å kjøra over åsen frå Rogaland-sida. Men dette skulle likevel vera langt betre enn ordninga som har vore tidlegare.

Eigentleg har nemleg vegen vore open for småbusstrafikk sidan den forrige restaureringa i 1987. Men ordninga med bommar og utlån av nøklar, mellom anna ved motellet på Moi, har fungert dårleg.

Smijern, stabbesteinar og kilt stein

Til gjenopninga nå er det på ny utført eit grundig restaureringsarbeid. Over

lengre strekningar er det sett opp smijernsrekkverk av den typen som tidlegare var langs vegen. Det er også sett opp nye stabbesteinar. Dessutan er det i fleire av svingane sett opp solide murar av kilt stein. I tillegg til at desse murane tar seg godt ut, er dei ei sikring mot utforkjøring.

Rasteplassar

På toppen av Tronåsen, ved grensesteinane mellom Rogaland og Vest-Agder, er det opparbeidd ein ny rasteplass. Denne kjem i tillegg til den som alt er på kanten ut mot Tronvik.

Også ved E 18 i Tronvik, der bakkane opp Tronåsen tek til, er det opparbeidd ny rasteplass. Denne er av det moderne slaget, mellom anna med toalettbygg.

Museumsveg

Restaureringsarbeidet på vegen over Tronåsen har kosta 475 000 kr. Pengane har Statens vegvesen Rogaland fått tildelt av statlege midlar som er øyremerka til arbeid med å ta vare på gamle bruer og ferdselsvegar.

Tronåsvegen var ferdig bygd i 1844. Han var hovedferdselsveg fram til 1946. Så seint som i 1974-75 blei han brukt som omkjøringsveg, i samband med utvidinga av tunnelane på E 18 langs Lundevatnet.

Etter gjenopninga i sommar har det igjen vore ganske stor trafikk på denne unike museumsvegen. Særleg har mange turistar tatt turen over Tronåsen, og ein god del har nytta rasteplassane.



Jonny Røyland i arbeid med boremaskinen og Ole Martin Sollie med spaden. Dei gjer klar til å setta opp stolpar for same typen smijernsrekkverk som tidlegare var langs vegen.



Asbjørn Tobiasen, Statens vegvesen Vest-Agder (t.v.) og Vermund Birkeland i arbeid med montering av smijernsrekkverk. Arbeidet blir drøfta med oppsynsmann Levy Dalen, som står mellom dei to.

PPP-90

Organisering av vegkontoret

Tekst: Johan Lund

Skisse: Bård Asle Nordbø

Arbeidet med omorganisering av vegkontoret har pågått siden høsten 1990. Utgangspunktet for arbeidet har vært en innstilling fra et landsomfattende utvalg, det såkalte Bjørvig-utvalget.

Arbeidet har vært drevet fram av vegkontorets ledelse, men i nært samarbeid med de tillitsvalgte. Det har vært holdt 3 store forhandlingsmøter etter medbestemmelsesavtalen. Det er oppnådd enighet om nyordningen i den forstand at det ikke er noen punkter som er gjenstand for ankebehandling. Men enkelte av endringene er såvidt omfattende at de må klareres av Vegdirektoratet.

Etter den løpende kontakt vegsjefen har hatt med Vegdirektoratet er det grunn til å rekne med godkjenning av nyordningen fra sentralt hold.

Nedenforstående skisse viser ny organisasjonsplan med arbeidsoppgavene fordelt på avdelingene.

Mest iøynefallende endring er at vegkontoret er organisert med 4 resultatenheter og 2 service-enheter samt at vi får stilling som assisterende vegsjef.

Resultatenhetene er:

- planavdelingen
- byggeavdelingen
- driftsavdelingen
- trafikant og kjøretøyavdelingen

Serviceenhetene er:

- maskin- og teknisk serviceavdeling (MTS)
- administrasjonsavdelingen


MTS omfatter som det går fram av skissen, tidligere grunnseksjon, distriktslaboratorium og maskin-

avdeling. Det er ingen hemmelighet at det var denne nye sammenslutning som det var vanskeligst å få gehør for.

Det er ellers å merke seg at de nye avdelingens ledere ikke er formelt tilsatt i stillingene, men de fungerer etter avtale med vegsjefen i de nye stillinger til vegsjefen fratrer sin stilling som vegsjef (om 3 - 5 år).

Det er ellers et sentralt trekk at virksomhetsplanlegging, arbeidet med målstyring, kvalitetssikring og resultatansvar/kontroll skal intensiveres. I den anledning er vegsjefens stab vesentlig styrket.

Leder for staben blir forøvrig vår tidligere økonomiske saksbehandler Georg Ullenes, som vi ønsker velkommen tilbake i staten etter noen år hos fylkes-samferdselssjefen.



Ny organisasjonsplan for Statens vegvesen Rogaland

Situasjonsrapport fra Rennfast

Av prosjektleder

Tor Geir Espedal

Foto: Leif Lindefjell
og Kjetil Espedal

Det smeller jamt og trutt under Byfjorden og Mastrafjorden. Fra oppstarten for et drøyt år siden har tunneldriverne fra Rogaland Contractors og Vegvesenet nå drevet 7.430 m av totalt 10.220 m tunnel. Går det som planlagt vil vi ha gjennomslag under Mastrafjorden allerede i november i år. Under Byfjorden vil gjennomslaget komme i februar neste år.

Etter en famlende start har både Rogaland Contractors og Vegvesenet fått fart på seg. Rutinene har satt seg og alle vet hva de skal gjøre og dermed glir alt lettere. Sikringsomfanget i tunnelene har også vært mindre enn ventet. Det betyr mindre kostnader og høyere tempo i tunneldrivingen. Problemer har det selvfølgelig vært, men aldri større enn at de har latt seg løse. Totalt har det til nå vært 95m med full utstøping, alt i Mastrafjordtunnelen. Det er injisert totalt 43,8 tonn injeksjonsmasse. Det vesentligste av injeksjonen foregikk ved passering under Soknasundet. Her er overdekningen bare 30 m, og det er det minste vi har.

Både Rogaland Contractors og Vegvesenet driver med tre skift etter "Nordsjø-ordningen" med to uker på og en uke fri. Det arbeides mellom kl.06. og kl.02. For vegvesenet som byggherre betyr dette at vi må være en stor byggelederstab for å dekke opp alle skift. I byggeleder-staben for tunnelene er det nå i alt 10 mann under ledelse av byggeleder Gunnar Nærum.

Askjesundet bru

Etter ca. 10 års byggetid er nå endelig Askjesundet bru ferdig. Fyllingene i Askjesundet ble oppstartet i 1981 med fylkeskommunale bevilgninger. Dårlig økonomi i fylkeskommunen satte imidlertid en stopper for fullføringen av brua. Fyllingene ble liggende i nesten 10 år som et symbol på fylkeskommunens dårlige økonomi. Så kom Rennfast og 15. august 1991 ble brua endelig ferdig. Brua er ei 170 m lang bjelkebru fordelt på 5 spenn. Brubjelker og dekkelementer ble prefabrikert og heist på plass. Brua er fundamentert på stålørspeler til fjell.

Ferdigstillingen av brua nå kommer av at man tidligst mulig ønsket forbindelse mellom Sokn og Askje på grunn av massetransport fra Mastrafjordtunnelen til Åmøysundet. Brua blir

bare åpen for anleggs-trafikk inntil hele anlegget står ferdig. Kontraktssummen med RC var på 9,5 mill.kr. (-91 kr). Sluttsummen inkludert planlegging, driftsledelse og moms ser ut til å bli ca. 13,7 mill.kr (-91 kr), og det er lavt for ei så stor bru.

Veg i dagen på Rennesøy

Vegvesenet utfører alle vegarbeider på Rennesøy i egenregi. Det er 10 mann i sving på veggen hvorav 4 går i et eget betonglag som bygger alle bruer og kulverter. Vegarbeidet er ikke av det mest teknisk krevende. Utfordringen ligger først og fremst i å utføre arbeidet til rett kostnad og med rett kvalitet. Til nå ser kostnadsoverslaget ut til å holde med pluss enkelte steder og minus andre steder.

Kvaliteten på arbeidet ser også bra ut. Lokalbefolkningen er imponert over det arbeidet som er gjort. Spesielt de lødde vingemurene på kulvertene har gjort inntrykk. Vi har allerede asfaltert noe over 3 km av veggen fra Bergje til Sørbø i sommer. Går alt etter planen vil veggen helt ut til Mortavika være ferdig asfaltert allerede tidlig på høsten neste år.

Moloen i Mortavika

Utenom tunnelene er kanskje moloen i Mortavika det mest spennende og utfordrende i prosjektet. Hele 380.000 m³ med stein skal plasseres i den snaut 400 m lange moloen.

Det fins liten erfaring både med planlegging og bygging av slike moloer (skuldermoloer) i Norge. Vi har på mange måter måttet lage våre egne "vegnormaler" for moloen med hensyn på kvalitetskrav og toleransekrav ved avvik.

Vi har lagt lista høyt og tror vi har lykket med det. Både vektkontrollen og geometri- kontrollen ser ut til å fungere bra. Det må det også for å tilfredsstille kravene til gjennomsnittsvekt av blokkstein i opptil fire forskjellige lag i 11 soner på moloen.

Det har vært spennende å følge



Askjesundet bru var ferdig 15. august.

(Foto: Kjetil Espedal)



Fra moloen i Mortavika. Gravemaskin med klype blir brukt til å KASTE blokkene på plass.

(Foto: Leif Lindefjell)

sprengningen i steinbruddet på land. Kostnadene til moloen er svært avhengig av blokkandelen i bruddet. Pr. dato ligger blokkandelen på ca. 55% blokk over 1 tonn. Dette er meget bra og gjør at vi mer eller mindre får massebalanse mellom moloen og ferjeterminalområdet.

Syssetning på anlegget

Noen har hevdet at Rennfast kommer på feil tidspunkt fordi trafikkveksten ser ut til å stagnere. Rennfast kommer på rett tidspunkt når man ser på syssetnings-situasjonen i bygg- og anleggsbransjen.

Med stort og smått er det sysselsatt omkring 200 personer direkte på anlegget. Av disse tilhører ca. 104 Rogaland Contractors. Hele 69 personer sysselsatt direkte på anlegget kommer fra vegvesenet. Rennfast utgjør med andre ord en meget betydelig andel av vegvesenets totale virksomhet i fylket, spesielt på anleggssiden.

Besøk på anlegget

Vi har i sommer virkelig erfart at andre er interessert i det vi holder på med. Det har vært besøk fra både inn- og utland. I hele juni måned var det enkeltpersoner eller grupper på besøk på anlegget omtrent hver eneste dag. Heldigvis har vi Torleiv Haugvaldstad på anlegget som informasjonsmann. I hans hender har alle følt seg velkomne og fått seg en god latter, - ikke av anlegget, men av Torleivs mange gode historier.

Hva med Finnøy ?

Tilknytningen til Finnøy har ført til mye diskusjon både lokalt, i Vegdirektoratet og i Samferdselsdepartementet.

Problemet består i at Finnøy i forbindelse med Transportplan for

Ryfylke gikk inn for tilknytning til Rennfast. Da hovedplanen for Rv.519 Rennesøy-Finnøy kom, gikk man imot tilknytningen. I tillegg var finansieringen av Rv.519 på Finnøy høyst uklart fordi denne ikke var med i Rennfast.

I juni ble imidlertid hovedplanen godkjent i Vegdirektoratet og Finnøys tilknytning til Rennfast ble dermed konfirmert. I tillegg kom Regjeringens syssetningspakke i år med 30 mill.kr til Rennfast som skal betraktes som en forskottering til Rv.519 i Finnøy.

Dermed løser også finansieringen seg. Det som nå gjenstår å løse, er om Finnøy skal få garantier for at samlet sum av ferjetakst og bompenger med Rennfast ikke skal overstige det de i dag betaler på ferja til Stavanger.

Økonomi - framdrift

Allerede nå er det klare tegn på at Rennfast vil bli en suksess både når det gjelder økonomi og framdrift. De siste

kostnadsprognoser tyder på at sluttsummen vil ende på 761 mill.kr. (-91 kr).

Dette er lavere enn det prosjektet Stortinget vedtok kostet (939 mill.-91kr). Det er lavere enn det samlede hovedplanoverslag (849 mill.-91kr) og lavere enn det samlede detaljplanoverslag (849 mill.-91kr).

Ferdigstillelsesdatoen på 15.des.1992 ser også ut til å holde. I disse dager vurderes eventuell forsering/tidligere ferdigstillelse uten at noe er avklart.

Arkeologiske utgravninger

Rennfast-prosjektet har ikke bare sysselsatt vegfolk og tunneldrivere. En stor stab av arkeologer har vært i sving i 4 sommersesonger med utgravninger i hele traseens lengde, hovedsaklig på Rennesøy. Rennesøy er pepret med fornminner, og det har vært umulig å få lagt en trasé som unngikk fornminner.

Arkeologisk Museum i Stavanger ble i juli i år endelig ferdig med utgravningene og har nå frigitt traseen. Av Arkeologisk Museum var utgravningene kostnadsberegnet til 17,5 mill.kr(!).

Vi har hele tiden syntes dette er vanvittig mye og har prøvd på alle måter å redusere kostnadene. Spesielt timeprisen på feltpersonell er satt så høyt at muséet må ha en grov fortjeneste på oppdraget. Dette mener vi må være i strid med Kulturminnelovens §10 om hva tiltakshaver skal dekke av utgifter til fornminnegranskning.



Lødd vingemur på Rennesøy.

(Foto: Kjetil Espedal)

Trafikantenes mening:

Vegvedlikehold og kjøreforhold vinteren 1990/91

Tekst: Per Kydland

Foto: Harald Sel

Den tredje i rekken av landsomfattende spørreundersøkelser om vegvedlikehold og kjøreforhold ble avholdt 6.mars og gjaldt vinteren 1990/91. I tillegg til vedlikeholdsområdene Egersund og Bærheim, som har vært med tidligere, deltok Haugesund denne gangen.

Som før ble det utdelt 500 skjema til trafikanter av motorkjøretøy i hvert område med premiering blant de som returnerte skjemaet. Svarprosenten lå som før rundt 50 %, i de to områdene i sør, mens Haugesund-området var helt oppe i 65 %.

Bra i landssammenheng

På grunnlag av en viss vektning av de forskjellige spørsmålene er det beregnet et vedlikeholds nivå for de enkelte fylker og vedlikeholdsområder. For riksveger kom Rogaland best ut i landssammenheng sammen med Aust-Agder, mens for andre veger (fylkes-/kommunale veger) havnet vi nøyaktig på landsgjennomsnittet. Her var Aust-Agder igjen best.

Vedlikeholdsnivået blir beregnet ut fra en skala som går fra 1 til 5, hvorav 1 er svært bra, 2 er ganske bra, 3 er brukbart, 4 er mindre bra og 5 dårlig.

Sammenlignet med forrige vinter har Rogaland hatt en vesentlig

forbedring fra 2.21 til 2.04 for riksvegene og fra 3.06 til 2.93 for øvrige veger inkl. fylkesveger. Dette er kanskje noe overraskende med tanke på at det har vært "mer" vinter i år enn i fjor. Forhåpentligvis har vi gjort en bedre jobb.

De tre vedlikeholdsområdene var nokså jevne på riksvegside, mens for fylkesvegene kom Bærheim noe bedre ut enn de to andre.

Positive til salting

Ser vi på de enkelte spørsmålene, er vel synet på salting kanskje det mest interessante. Rogaland er det fylket i landet hvor trafikantene er mest positive til dette (44 % er helt/ganske enig i at salt er ønskelig mot 23 % på landsbasis), mens Haugesund er det vedlikeholdsområdet i landet hvor trafikantene er mest positive til bruk av salt. Det siste er interessant med tanke på at dette området kun har to vintersesonger bak seg med salting. Det tyder vel iallefall på at dette området har lagt seg på et saltingsnivå som trafikantene finner fornuftig.

Piggfritt

Viljen til å kjøre piggfritt er større her i fylket enn landsgjennomsnittet, men lavere enn i ytre østlandsstrøk. 52 % er svært eller ganske villige til å kjøre

piggfritt i Rogaland. Det er forøvrig atskillig flere som kan tenke seg å kjøre piggfritt i Bærheim-området enn i de to andre. Det er et gjennomgående trekk at det er i og rundt de største byene i Sør-Norge utenom Trondheim folk er mest villige til å kjøre piggfritt.

Bedre sandstrøing

Ellers viser undersøkelsen at trafikantene er godt fornøyd med brøytingen og skiltingen, mens de er mindre fornøyd med sandstrøingen. Det er også dette trafikantene ønsker prioritert dersom det skal brukes mer penger til vintervedlikeholdet, fulgt av økt bruk av kantstolper/brøytstikk.

Problemstrekninger

Av problemstrekninger innen fylket var E 18, Drangsdalen den som ble nevnt av flest trafikanter, mens Rv.45, Hunnedalen var den problemstrekningen trafikantene i Bærheim-området var mest opptatt av. Den strekningen som imidlertid ble nevnt av absolutt flest var E 76, Åkrafjorden i Hordaland. Selvsagt var det trafikantene i Haugesund-området som var opptatt av denne.

God informasjon

Det er om morgenen absolutt flest benytter informasjon om trafikk og føreforhold, og det er meldinger om føreforhold som er mest interessante. Den viktigste informasjonsskilden i Egersund- og Bærheim-området var NRK-radio, mens i Haugesund-området var privat nærradio den absolutt viktigste. De fleste var godt fornøyd med kvaliteten på informasjonen.

Nyttig materiale

Igjen har vi fått mye nyttig materiale som vil bli benyttet ved framtidige prioriteringer av vedlikeholdet både på fylkesbasis og innen de enkelte vedlikeholdsområder. Det at vi ligger på topp i landssammenheng for riksvegene betyr ikke at vi skal slå oss på brystet, lene oss godt tilbake i stolene og tro at alt er såre vel.

Forts. neste side



Rv.45, Hunnedalen, er den vegen som trafikanter i Stavanger/Sandnes/Sola-området mener er problemstrekning nr.1 i Rogaland.

Rogalands første kvinnelege vegarbeidar: - Eg har alltid likt meg ute

Tekst og foto: Harald Sel

Statens vegvesen skal ha 10 % kvinner i vegarbeidsdrifta. Dette er målsettinga i etaten sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna.

Det er langt fram før denne målsettinga er oppnådd. I Rogaland er 2 av ca 260 vegarbeidarar i utedrifta kvinner. Det vil seia ca 0,75 %. Og dei 2 som utgjør 0,75 % er Sissel Samsøe ved anlegg i Haugesund-området og Nina Torgersen ved anlegg i Stavanger-området.

Lærling og engasjement

Sissel Samsøe var den første kvinnelege anleggsarbeidaren i Statens vegvesen Rogaland.

Ho var lærling frå 1985 til sommaren 1988, då ho avla fagprøva. Men i dei siste åra har det desverre ikkje vore noko opplagt sak at lærlingane får arbeid i etaten når ein er ferdig utdanna. Slik også for Sissel.

Først var ho engasjert ut året 1988. Deretter var ho innom Haugesund vegstasjon som kontorhjelp i eit år. I 4 månader arbeidde ho så i halv stilling, før ho blei engasjert ved Boknprosjektet i mars 1990. For tida er ho tilsett i eit engasjement, som varer til 1. april 1992.

Fast tilsetning?

- Det er ikkje nokon bra situasjon, seier Sissel, - så høgaste ønsket mitt er fast tilsetning. Spesielt var det frustrerande å

arbeida ved kontoret på Haugesund vegstasjon. Eg har alltid likt meg ute. Og det var grunnen til at eg fatta interesse for arbeid i Statens vegvesen. Det er ein frisk og god arbeidsplass å arbeida ute på vegen.

- Gjeld det også på kalde og sure vinterdagar?

- Ein må kle seg etter veret. Så eg kan ikkje seia at eg lengtar etter å arbeida inne, til og med på kalde og sure vinterdagar. Elles får me heller tola litt kulde og regn. Dei gløymer me fort når me har dei mange gode dagane ute - særleg om sommaren.

Likar det meste

Sissel har etter kvart fått brei erfaring innan dei ulike arbeidsområda i Statens vegvesen, både når det gjeld anlegg og vedlikehald. Me spør henne om det er arbeid ho likar spesielt godt.

- Å leggja belegningsstein er iallfall ikkje favorittarbeidet. Forreften - det går jo bra det også. Nei, eg syns storparten av arbeidet er greit. I dag



foregår jo det meste maskinelt, og å arbeida med maskinar kan eg.

Fleire jenter

Som før nemnt, er det langt fram til målsettinga er nådd når det gjeld fordelinga mellom kvinner og menn i vegarbeidsdrifta. Kva meiner Sissel grunnane er til at ikkje fleire jenter har søkt arbeid i vegvesenet.

- Tradisjonelt er jo vegvesenet ein mannfolk-etat, så mykje av dette sit nok igjen. Mange jenter har jo vore innom som sommarvikarar. Ein del av dei har nok lyst til å satsa på ei fagutdanning i etaten, men dei tør liksom ikkje. Men eg syns fleire jenter burde satsa på arbeid i vegvesenet. Ialffall dersom dei likar seg ute. Og så er det jo så mange kjekke gutar her, - sjøl om mange av dei er litt gamle.

Det seier Sissel Samsøe, som sjøl har rokke å bli 28 år, og som altså kunne tenkt seg fleire kvinnelege kolegaer, trass i alle dei kjekke gutane.


Forts. fra forrige side

Vi må hele tiden tenke på at trafikantene er våre kunder og yte vårt beste for dem.

Vi får håpe at fylkespolitikerne i tiden framover er villige til å stille mer midler til disposisjon slik at vi gis anledning til å gjøre en bedre jobb så trafikantene også kan bli godt fornøyd med vedlikeholdet på fylkesvegene.

Til slutt en takk til dere i de tre vedlikeholdsområdene som har vært med å dra lasset i forbindelse med undersøkelsen, de som har stått for planleggingen, de som har stått for utdelingen av skjema og de som har punchet inn dataene. Dere har gjort en kjempejobb. Til høsten blir det på'an igjen med en ny undersøkelse.

Tankar om kollektivtrafikk



Geir Kjetland er adm. direktør i Haugaland Billag A/S. Han er styremedlem i Samtrafikk A/S. Kjetland har yrkesmilitær bakgrunn og er vpl. major i Hærens Transportkorps.

Det er ferie og eg tråvar åleine i frisk fjelluft langt borte frå den kollektive kvardagen. Her nyttar det korkje med buss eller bil. Ein må ta seg fram for eigen miljøvennleg maskin.

I slike stunder sviv tankane fritt, og ikkje sjeldan fører det til at ein drøser litt med seg sjølv. Er det berre eg som har det slik? Neppe.

Denne gongen kom praten til å dreia seg om kollektivtrafikk; for så vidt ikkje uventa etter å ha sysla snart fem år i denne bransjen. Det arta seg i grunnen som eit sjølvintervju, like springande og uryddig som dei kjappe portretta avisane fyller spaltene med i beste agurktid.

Surfebrett på miljøbølgja?

- Du brukar bussen som surfebrett på den digre miljøbølgja, går det bra?

- La gå med det at både eg og andre rir denne populære brimhesten, men miljøfanatikan er eg ikkje.

Det er illusorisk å tru at kollektivtransport kan løysa dei fleste miljømessige utfordringane me har innan samferdsel.

Me må satsa der det er mest å henta. I første rekkje gjeld det om å ta ein større del av transportarbeidet i dei folketette områda. All rutineprega transport - ikkje minst arbeidsreiser - er vel eigna for kollektiv reisemåte. Her ligg eit stort marknadspotensiale og ventar på utlysning. Då vil ein ikkje berre oppnå å redusera luftforureininga, men i tillegg avlasta vegnettet i dei sårbare rushtidene.

Satsing på naturen

Ellers er det eit paradoks at me i Norge ikkje satsar massivt på å nytta naturgass - det reinaste av dei fossile brensla - innen samferdsel.

Me har uhorvelege mengder av denne miljøvennlege energiressursen og sit i tillegg inne med motorteknologisk spisskompetanse. Det er ein

kombinasjon som burde liggja "i smørauga" for norsk satsing.

I staden ser me at det er utlendingane som fører an. Me, råvareeigarane, kjem diltande etter med eit ørlite alibi på baklomma: Det trillar bevisleg ein naturgassdrevne buss i Trondheim frå tid til anna, og ein gong ut på hausten kjem det visst noko i gong på Haugalandet og. Ja, me satsar så det svir!

Miljøkortet

- I fjor gjekk Haugaland Billag ut med det såkalla miljøkortet og fekk kraftig tilslag etter passasjerstatistikken å dømme. Er haugesundarar jamt over meir letturte enn folk flest?

- Var det berre så vel! Mange av dei har tvert i mot ei grunnfesta negativ haldning til det å reise med buss. Eg har fleire gonger høyrte personar skrøyta av at det er så og så mange år sidan dei sist tok buss. Buss er lågstatus for desse.

Heldigvis ser me nå ei endring. Stadig fleire tykkjer beint fram at det er smart å reisa med buss. Med miljøkortet blei det enda smartare. Me slo ned prisen så pass sterkt at jamvel nokre av dei største stabukkane (dei er ofte gjerrige) kjøpte seg miljøkort. Såleis klarte me å auka passasjertalet på bybussen med 12,3% i 1990, og auken held fram utover 1991.

Ruteopplegg og tilrettelegging

- Meiner du at heile denne framgangen kan tilskrivas det fleksible og rimelege miljøkortet?

- Nei, ein skal vakta seg vel for å tru det. Miljøkortet ville hatt liten verdi om me ikkje hadde sett i verk andre viktige tiltak med ruteopplegg og trafikal tilrettelegging.

Her er eit døme på det:

Me satsa for nokre år tilbake sterkt på å vinna fleire passasjerar i det store bustadområdet Bleikemyr. Me ga folket der eit godt sentrumsretta rutetilbod, men det slo dårleg til.

Årsaka var den at bussane altfor ofte sto fastlåst i bilkø i eit problematisk vegkryss. I rushtida hendte det at bussane brukte 6 - 7 minuttar på å passera krysset. Me slo tidleg alarm og ba om hjelp hos Statens vegvesen Rogaland.

Etter ei tid kom hjelpa i form av lysregulering med sensorar som gir prioritet til store kjøretøy. For oss var det ein suksess fra første dag. Bussane smatt gjennom krysset utan venting, og dermed kunne me tilby kundane våre eit radikalt gagnlegare transportprodukt. Og passasjerane kom, for dei vel reisemåten sin med god dømmekraft.

Samarbeid om gode løysingar

Dette dømet viser kor viktig det er å samarbeide om gode løysingar. Me som driv det daglege trafikkarbeidet er sterkt bundne av trafikale arbeidsvilkår som andre etatar rår med. Utan godt samspel med desse kjem vi ingen veg.

Det er faktisk ganske frustrerande å måtte leggja til sides gode trafikkplanar fordi infrastrukturen manglar eller er uryddig. Fiskarane i Nordsjøen kjenner det truleg på same måte når dei må halde seg borte fra gode fiskefelt fordi det ligg skrot på havbotnen.

Anbud innan kollektivtransporten

- Stortinget vedtok nyleg at det skal åpnast for anbud innan kollektivtransporten. Uroer det deg at det nå kan bli kamp om framtidige ruteløyve?

- Nei, eg er i grunnen glad for dette. Eit sikkert og langvarig løyve kan lett bli ei

Vegen over Bokn - eit sær s v e l l u k k a a n l e g g

Av Arvid K. Jøssang, Bokn

sovepute. Nå blir alle tvungne til å halda seg vakne. Denne lovendringa vil stimulere ruteselskapa til å drive kostnadseffektivt og marknadsretta.

Størst verknad vil anbudsordninga ha i kraft av at ho i det heile eksisterer som riset bak speilet. Det er ei villfaring å tru at anbud, nærast som eit trylleslag, vil gi oss rimelegare og betre kollektivtransport. Det vil i alle høve ikkje skje i Rogaland der dei fleste selskapa i dag driv effektivt.

Selskapsstruktur

Då er det, etter mi meining, langt meir å vinna om ein får betre skikk på dagens selskapsstruktur. Det gjeld særskilt for by- og tettstadsområda på Nord-Jæren og Haugalandet. Eg er overtydd om at det årleg kan sparast mange millionar kroner dersom ein for kvart av desse områda får regiondekkjande selskap.

Då ville ikkje berre kostnadseffektiviteten kunne betrast. Dei reisande ville fått det enklare med omsyn til takstsystem og ruteinformasjon.

Bremsekrefter

- Hvis det er så mykje å vinna, kvifor skjer det då så lite på dette området?

- Det er diverre for mange bremsekrefter ute og går.

På den eine sida har me det som på fint kallast suboptimaliserande særinteresser.

I tillegg slit me med dei som trur at det gjeld andre økonomiske lover for kollektivtrafikkelskapa enn andre verksemdar.

Administrasjonsselskapet

- Eg skulle så gjerne visst kva du meiner om det tillyste administrasjonsselskapet for kollektivtransport, men då måtte vel både turen og spalteplassen vore lengre.

- Ja, spar meg for det i denne omgang. Eg vil berre leggja til at meiningane mine ikkje er påverka av den tynne friske fjellufta. Eg meiner det same i låglandet.

Med store maskinar og 250 millionar kroner til disposisjon, kan ein øydeleggja svært mykje fin natur. Statens vegvesen har, etter mi meining, klart det motsette på Bokn med veg- og bruinngrepa frå terminalen i Arsvågen og fram til Susort.

Heile veganlegget glir fint inn i naturen, og finare blir det når graset får gro opp langs vegane. Dei skjeringane som kjem fram der ein har skote seg ned - ved terminalen på Are, på vegen frå Are til Alvestadkroken og på Austre Bokn før tunelopninga - syner at her har det arbeidd folk som visste kva dei gjorde.

Det er utruleg å sjå kva ein kan få til med få mann og store maskinar. I byrjinga såg det heile nokså kaotisk ut. Men litt i senn tok det heile form, og ein som ikkje skjønar seg på vegutbygging kan sjå at her er mål og meining med det dei gjer.

Tilværet har endra seg mykje på få år for oss som bur på Bokn.

Me har nok hatt våre tvil om alt det nye berre ville føra positive ting med seg. Skulle me til byen før, gjekk me heile tida med ei innebygd klokke i bakhovudet om at me ikkje måtte gløyma oss ut. Me måtte ikkje bli for seine til ferja. No kan me berre setja oss i bilen og dra til Haugesund på ein god halvtime, utan å tenkja på at me må rekke "Gullhøna" heimatt.

Eg vil rette ei takk til alle dei i Statens vegvesen som verkeleg kan vegbygging, og som såleis har skapt ei ny ferd-selsåre for alle oss på Vestlandet - og særleg oss på Bokn.

I Skudenes får dei nå klage og krangle som dei vil. Det er nå trass alt ikkje lenger for dei å køyre til Bokn enn det har vore for oss boknarar og folk frå Tysvær å køyre til Skudenes, sjøl om det høyres slik ut.



- Med store maskinar og 250 mill. kroner kan ein øydeleggja svært mykje natur. Statens vegvesen har klart det motsette på Bokn, meiner artikkelforfattaren. Fotoet er frå Boknasund bru, flagpynta og klar til å ta i mot Kong Harald og hans fylgje, 26. juni i år.

(Foto: Harald Sel)

John S. Tveit - Leiar av Stortingets Samferdselskomité

Intervju og foto: Johan Lund

John S. Tveit er fødd i tidlegare Skjold kommune, er vaksen opp der og i Haugesund, men har sidan 1955 budd i Tysvær, sentrum i den gamle Tysvær kommune.

Han kom inn i kommunestyret i 1959 og vart gjenvalgt i 1963. Men den perioden vart kørt avdi me fekk den store kommunesamanslutninga i 1965 med nyvalg. Tveit valde då å stå over og dreiv eigen forretning.

